

Fornamn
Etternamn
DUF-nummer

Du finn reglane for økonomisk støtte og vedlegg med alle ytingane i «[Reglement for økonomiske ytelser til beboere i statlig mottak](#)» (pengereglementet).

UDI gir deg berre økonomisk støtte dersom du ikkje har eigne midlar til livsopphald. Dersom du har inntekt og/eller formue, betyr det at du heilt eller delvis har midlar til livsopphald. Da får du ikkje økonomisk støtte, eller vi reduserer støtta i forhold til kor stor inntekta og/eller formuen din er. Om du har lønnsinntekt av ein viss storleik, vil du også bli kravd for husleige.

Gi beskjed om du har inntekt eller formue

For å kunne gi deg riktig økonomisk støtte, må du gi mottaket beskjed om du har inntekt eller formue. Det gjer du ved å signere denne eigenerklæringa. Opplysningane vil berre bli brukte for å berekne den økonomiske støtta di.

Legg fram dokumentasjon

Du må leggje fram dokumentasjon på at du framleis oppfyller vilkåra for å få økonomisk støtte, når mottaket ber om det. Dersom du ikkje legg fram dokumentasjonen UDI krev, vil den økonomiske støtta di bli stoppa.

Som dokumentasjon må du leggje fram

- kopi av den siste lønnslippen din, dersom du har lønnsinntekt
- kopi av arbeidsavtalen, dersom du har lønnsinntekt
- bankutskrift som viser saldoen for siste måned, dersom du har norsk bankkonto
- utskrift frå likningsmyndigheitene av skatteoppgjeret for det siste året
- oversikt frå Nav over eventuelle trygdeytingar dei siste 12 månedene

Eigenerklæring

- Eg forstår innhaldet i og betydninga av eigenerklæringa, og har etter beste evne gitt korrekte opplysningar.
- Eg har gitt opplysningar om eventuell disponibel formue og/eller inntekt til mottaket. Dersom eg får formue og/eller inntekter i den tida eg bur i mottaket, har eg plikt til å gi mottaket beskjed om det, i tillegg til å skaffe nødvendig dokumentasjon. Det same gjeld dersom eg får ei endring i inntekta og/eller formuen min.
- Eg er klar over at eg kan bli meld til politiet dersom eg bevisst gir uriktig informasjon eller held tilbake opplysningar om inntekts- og/eller formuesforholdet mitt.
- Eg veit at eg kan få reduksjon i eller miste økonomiske ytingar dersom eg gir uriktige opplysningar eller held tilbake opplysningar om inntekts- og/eller formuesforhold.

Dato

Underskrifta til deg som søker asyl

Underskrifta til den tilsette på mottaket